

Fylkesordfører gir slikt svar:

1.) Korleis fungerer den digitale undervisninga idag og kva er status etter våren 2020?

Til vanleg er det stor forskjell mellom og innad på skular i høve til kor mykje digital undervisning det er. Det har vore mykje opp til lærarar sjølve kor mykje dei vil ta i bruk læringsplattforma Itslearning, skytenester som G Suite eller O365/Teams og digitale læringsressursar. På skular der det finst ei skuleleiing som er medviten nye arbeidsmåtar og reiskap skjer dette i mykje høgare grad enn elles.

Når samtlege lærarar og elevar måtte drive med læring på nett i mars-juni var resultatet overraskande bra. Det har mykje å gjere med det arbeidet som frå før av har blitt gjort for å kunne drive med læring ved hjelp av IKT i VLFK. Frå resultat av undersøkingar kunne vi imidlertid lese at vi må arbeide meir med felles planlegging på skulane (t.d. for ei veke), meir variert læringsarbeid og motivasjonen til elevane når vi driv med nettbasert læring.

Utover hausten 2020 har mange lærarar gått tilbake til gamle undervisningsmåtar. Det har også blitt sagt frå sentralt hald at elevane skal få så mykje vanleg undervisning på sin skule som mogleg, og dette har då blitt tolka mykje som tradisjonell klassromsundervisning - ofte med redusert bruk av digitale reiskap. Då vert vegen lengre til å kombinere læringsarbeidet på skulen med "heimeundervisning" for t.d. elevar i karantene.

2.) Finns det ein plan for få på plass digitale undervisningsplattformer som eit godt alternativ i framtidens undervisning? Vi veit det mest sannsynleg vil komme liknande pandemiar i fremtida.

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse har tilrettelagt for at skulane skal kunne bruke Itslearning som læringsplattform. I tillegg har vi tilrettelagt for bruk av skytenester som O365 og G Suite for Education. Desse skytenestene er gode på samhandling og deling, og er integrert inn i Itslearning. I tillegg bruker skulane mange digitale læremiddel som elevane har tilgang til både på skulen og heimefrå. Vestland fylkeskommune er med på UDIR si satsing kalla "Den teknologiske skulesekken" der både kompetansebygging og bruk av digitale læringsressursar vert vektlagt.

3.) Som skissert, finns det løysningar for å kompensere for fravær grunna smittevernsomsyn- som ivaretek elevane si læring. Vil fylkesordfører ta initiativ til at dette vert gjennomført på alle skular i fylket i løpet av hausten, og sjå til at det vert sett av nødvendige ressursar som må til?

Utover det fylkesdirektøren gjer for å endre læringspraksis på skulane, innfører vi også felles rutinar for streaming av læringsarbeid frå skulen. Avdelinga har kontakt med Datatilsynet og personvernombod i Vestland fylkeskommune for å ivareta personvern både for elevar og tilsette og datatryggleik til desse.

Alle skular/lærarar vil få opplæring i bruk av streaming i læringssituasjonar, slik at dei kan inkludere elevar heime i læringa som skjer på skulen i sanntid.

Læringa til elevar, som er heime grunna korona, vil gjennom dette arbeidet bli ivareteke på ein god og forsvarleg måte.